

INNLEIING

Miljøvern
er blitt
populært

Miljøvern har dei siste åra fått ein meir sentral plass i folks omdøme og i den politiske debatten. Alle politiske parti satsar i dag på ein miljøvernprofil. Det er spesielt dramatiske hendingar og dystre spådomar dei seinare åra som har skapt grunnlag for ei slik auka interesse.

Drivhus-effekt
og ozonlag opp-
tek folk flest

Alle må vere nøgde med at folks interesse og politikarane si vilje til innsats aukar når trugsmåla blir store og reelle. Likevel er det grunn til å vere litt bekymra over at berre globale eller nasjonale problem opptek folk flest. Miljøvern i denne samanheng er også blitt synonymt med tiltak mot forureining.

Andre miljøvern-
spørsmål kjem i
bakgrunnen

Det er viktig at dei mest trugande utfordringar blir fokusert. Men samstundes er det ein fare for at interessa blir leda heilt bort frå andre oppgåver som verkar meir ordinære og lokale og som ofte kan gjennomførast utan vesentleg ekstra innsats.

Konsentrert
innsats hemmar
aktiviteten andre
stader

Tradisjonelt forebyggjande arbeid vil kunne bli skadelidande ved for sterk konsentrering av innsats og ressursar til å reparere dei verste forholda. Ei einseitig satsing i problemområda vil kunne føre til at det ikkje blir utløyst ressursar og innsats i andre delar av landet.

Døme:
Opprydding i
kloakksektoren

Som døme på slik einseitig reparerande satsing kan nemnast opprydding i kloakksektoren, der innsatsen dei siste 15 åra er blitt konsentrert om Mjøsa, om Mjøsa II, om Miljøpakker og no til sist om Algefylka. Samstundes går resten av landet på sparebluss. Møre og Romsdal blei i 1988 tildelt ei investeringsramme som tilsvarar byggekostnaden for 15-20 einbustader! Det blir stadig kortare tidsrom fram til århundreskiftet, som er fristen for å gjennomføre oppryddingstiltaka. Dette fører til at kommunane utafor satsingsområda vil stå overfor ei stadig større og vanskelegare utfordring for kvart år som går utan det skjer noko radikalt temposkifte.

Døme:
Forslag om
transportplanar
i dei 10 verste
byområda

Eit anna døme er eit av dei nye verkemidla som no blir foreslått for å løyse trafikk-, transport- og miljøproblema i dei (10) største byane i landet i St meld nr 32 (1988-89) Norsk veg og trafikkplan 1990-93. Her blir det lagt opp til ei spesiell satsing med transportplanar der ressursbruken innafor vegutbygging og kollektivtrafikk kan vurderast samla. Det vil truleg bli ei utfordring å unngå at ei slik satsing ikkje fører til at problema elles i landet blir bagatellisert og at det ikkje blir fagleg eller politisk grunnlag for nødvendig forebyggjande arbeid der.

Ein total
miljøvernpolitikk
er viktig

Det er ei utfordring for oss alle å prioritere dei viktigaste miljøvernoppgåvene samstundes som aktiviteten elles i landet blir halde oppe på eit slikt nivå at lokale ressursar i rimeleg grad kan bli utløyst til å ta tak i dei lokale miljøvernutfordringane eller hindre at meir lokale problem oppstår. Forebyggjande arbeid i meir upåverka område vil måtte bli stadig viktigare etter kvart som fleire område og naturtypar blir påverka og endra....

NATURVERN OG FRILUFTSLIV

Naturvernarbeidet

Naturvern er ein kontinuerleg prosess og ikkje eit arbeid mot eit endeleg mål.

Dei viktigaste måla avdelinga arbeider med i planperioden er:

- Sikring av naturtypar, dyr og fuglar ved områdevern
- Forvalte dei verna områda slik at verneverdiane blir som før
- Fremje omsynet til naturvern og økologi i planleggjinga
- Sikre vassdraga som økosystem
- Fremje omsyn til naturvern i jord- og skogbruk
- Betre kunnskapen om naturen gjennom forskning og overvaking
- Betre informasjon om naturvern

Arbeidet med det klassiske naturvernet er prioritert etter følgjande langtidsplan:

Verneplantype	Arbeid på fylkesnivå	Innhenting av merknader	Gjennomføring
Våtmark	utført	utført	1988
Geologi, mineral	"	"	Gjennomført
Geologi, lausmasser	1988/89	1990/?	?
Edellauvskog	1988/89	1989	1990/91
Myrtypar	1987/88	1988	1989
Sjøfugl	1988	1989	1990
Havstrand	1987	1987/88	1988/90?
Barskog	1989/90	1990	1991/92
Landskapstypar	1988/90	1988/90	?
Trollheimen	utført	utført	Gjennomført
Landsplan nasjonalprk	1987/89	1989/90	?
Hustadvika - " -	1988	1990/91	?
Reinheimen - " -	1988/89	1988/89	?

m/landskapsvernområde

Det har vore ei målsetting å gjennomføre dei fylkesvise verneplanane for ulike naturtypar innan utgangen av 1990. Denne framdrifta er det ikkje mogleg å oppfylle, og vi reknar med at dette arbeidet vil krevje stor innsats fram til 1995. Særleg vil etterarbeidet med grensemerking, erstatningar og informasjon bli tidkrevjande.

Arbeidet med naturvernspørsmål av generell karakter i svært mange enkeltsaker og større plansaker er hovudårsakene til at langstidsplanane for dei klassiske verne-sakene ikkje er gjennomført. Tilgang på pengar til innhenting av grunnlagsdata er ein annan vesentleg faktor. Det har likevel vore arbeidd noko med dei fleste prioriterte prosjekt. Status for dei enkelte fylkesvise verneplanane og andre viktige planprosjekt kan kort karakteriserast slik:

Verneplan for våtmark

Planen er stadfesta i statsråd den 27.05.88. Alle områda utanom Håsenøran i Sunndal kommune er godkjent i samsvar med tilrådinga frå fylkesmannen. Arbeidet med grensegang, merking og etablering av oppsyn i det enkelte område er starta opp, men langt frå fullført. Våtmarksområda omfattar i underkant av 1000 grunneigarar og rettshavarar, noko som vil medføre at erstatningsprosessen blir svært arbeidskrevjande.

Verneplan for mineralforekomstar

Arbeidet med merking og erstatning er slutført. Viktigste oppgåva har vore informasjon med utarbeiding av brosjyre og oppslagstavler. Usemje med grunneigarane om tilkomstveg til verneområda for ålmenta har ført til at arbeidet har stoppa opp inntil vidare.

Verneplan for kvartærgeologi/morfologi

Førsteutkastet til plandokument, som er laga av Geologisk institutt, Universitetet i Oslo, er det arbeidd lite med i 1988. Av dei signal som er gitt av Miljøverndepartementet er det lite aktuelt å fremje ein eigen fylkesvis verneplan for denne naturtypen. Miljøvern-avdelinga prøver derfor å ivareta denne verneinteressa gjennom andre områdeverneplanar som nasjonalparkar og landskapsvernområde. Reglane i plan- og bygningslova synes ikkje å vere egna til dette arbeidet.

Verneplan for edellaauvskog

Det meste registreringsarbeidet vart gjennomført i 1988. Utkast til fagrapport og prioritering av enkelte område er prioritert i 1989. Dei nye registreringana viste at dei faglege grunnlagsdata over viktige edellaauvskogsforekomstar i fylket, var svært mangelfulle.

Verneplan for myrområder

Lokal høyring og synfaring med det statlege myrutvalet er gjennomført i 1988. Dette er i samsvar med dei mål som var sett. Planen er sendt til sentral handsaming, og vi reknar med at den kan gjennomførast i 1990.

Verneplan for sjøfuglreservat

På grunn av manglande kapasitet har framdrifta med denne planen vore liten. Men vi reknar med at dei naturfaglege data som er innhenta over sjøfuglbestandane i andre samanheng, vil gje eit betre grunnlag for arbeidet med det endelege plandokumentet. Vi ser heller ikkje så mange inngrep i lokal samanheng som er nokon trussel for sjøfuglområda.

Verneplan for havstrand/deltaområde

Avdelinga har ikkje arbeidd vidare med denne planen i 1988. Vi er heller ikkje kjent med den framdrift som Direktoratet for naturforvaltning har for denne naturtypen i landssamanheng. Naturtypen er mykje utsett for tekniske inngrep, og det er svært vanskeleg å stoppe dei med andre lovreglar enn vern etter naturvernlova.

Verneplan for barskog

Registreringsarbeidet for denne naturtypen er ikkje utført, men avdelinga har sett på aktuelle område som NINA skal arbeide med på naturfagleg grunnlag i 1989.

Landskapstypar

Det er ikkje lenger aktuelt å fremme ein eigen fylkesvis verneplan for spesielle landskapstypar. Vern av karakteristiske storformer prøver vi å ivareta gjennom dei store områdevernplanane som nasjonalparkar og landskapsvernområde. Når det gjeld kulturlandskapet, vil arbeidet med å ivareta dette bli av meir generell karakter. Kulturlandskapskampanjen har pågått ei tid, men ein har ikkje hatt kapasitet til å følgje den opp i den grad det har vore ønskjeleg. Vi reknar elles med at omsynet til kulturlandskapet vil bli innebygd i jordbruksavtalen, noko som vil krevje stor vilje til samarbeid med andre fagetatar og organisasjonar.

Trollheimen landskapsvernområde

Som kjent vart Trollheimen landskapsvernområde og Svartåmoen naturreservat stadfesta i statsråd den 11. desember 1987. Arbeidet med å organisere samarbeidet med utvalet, der dei 6 kommunane og fylkeskommunane er med, og etablere oppsyn har teke lenger tid enn rekna med. Vernereglane for Trollheimen er liberale, men krev likevel eit dagleg oppsyn på heiltid. Etter avtale med Midt-Norsk Ressursutvikling er det tilsett ein naturforvaltar

som skal starte opp pr. 01.01.89. Det hastar særleg med å avklare motorisert ferdsel på vegar som går inn i verneområdet.

Landsplan for nasjonalparkar

Stortingsmeldinga ligg enda ikkje føre, og det er lite truleg at den vil bli handsama i Stortinget før 1990.

Hustadvika nasjonalpark

Etter at det vart fremma eit konkret framlegg til å etablere ein nasjonalpark på Hustadvika, fant fylkesmannen at det var rett å sende det ut til berørte kommunar og næringsorganisasjonar for eventuelle kommentarar. Dette har medført svært mykje arbeid med møter og nye framlegg til verneforma m.v.

Fristen for å gje fråsegn er ikkje ute, men ut frå dei reaksjonar vi har registrert frå lokale organisasjonar m.v., er det stor skepsis til å etablere ein nasjonalpark på Hustadvika. Vi reknar med at ein endeleg avgjerd om dette planarbeidet skal bli ført vidare, blir teke våren 1989.

Reinheimen nasjonalpark med randsone som landskapsvernområde

Etter oppdrag frå Miljøverndepartementet har Fylkesmannen gjennomført ei fullstendig lokal høyring om framlegget til Reinheimen nasjonalpark og Romsdalen - Meisdalen - Rindalen og Tafjord landskapsvernområde. Denne prosessen førte til at det kom fram mange opplysningar om eventuelle konflikhtar mellom nærings- og verneinteressene som kravde nærare utgreiing og orientering.

Fylkesmannen har i den samanheng bedt Rauma- og Norddal kommune om å delta i eit regionalt utval der også Møre og Romsdal fylkeskommune er med. Utvalsarbeidet er ikkje kome i gang, men vi reknar med at det blir gjennomført i første halvår 1989. Forsering av arbeidet med Reinheimen for den delen som ligg i Møre og Romsdal, er grunngjeven med slutthandsaminga av Samla Plan og plasseringa av Rauma elv. Etter vedtaket i Stortinget hausten 1988 reknar vi med at vi har noko betre tid til å arbeide vidare med planane om vern.

Oppsyn og skjøtsel av verna områder

Forvaltninga av dei verna områda har i 1988 gått som normalt. Det har vore ønskjeleg med noko meir tid til informasjon og meir pengar til utarbeiding av informasjonsmateriell. Det er utarbeidd ny opplysningstavle for Innerdalen landskapsvernområde. Skjøtselen av kulturlandskapet på Veøy er ikkje heilt tilfredsstillande, og vi har hatt vanskar med å utvide det dyrka arealet etter skjøtselplanen.

Truga og sårbare artar

Det praktiske naturvernarbeidet omfattar og omsynet til fåtalige og sjeldne plante- og dyreartar. Dette gjeld både arts- og områdefredingar og andre forvaltingstiltak.

Forvaltingsproblema kan vere svært ulike: Somme artar kan vere direkte truga av utrydding, andre kan ha så spesielle miljøkrav at dei aldri har hatt eller kan få store og tette bestandar. For nokre artar kan det vere menneskeskapte, negative faktorar som trugar.

Den klimatiske og topografiske spennvidda i Møre og Romsdal gjev livsvilkår også for ei rekkje artar som kjem inn under kategorien "Truga og sårbar". Tilfredsstillande oversyn over slike artar i fylket ligg ikkje føre, men det kan likevel vere av interesse å summere det vi veit i dag:

- Planteartar

På stader med kalkberggrunn, marinavsetningar og gunstig lokalklima, finst det fleire botaniske godbitar, også innan kategorien "truga eller sårbar". Talstadhesten og kringliggande kalkfjellsområde i Fræna og Eide er velkjent for sitt planteliv, med planteartar og -samfunn som det er lite av i landet elles. Bl.a. skal det her finnast moseartar som ikkje er påviste andre stader i Europa.

Dei to lokalitetane for breidt dunkjevle, Grimstadvatnet i Hareid og Lerstadvatnet i Ålesund, i dag representerer nordgrense for denne arten i vårt land. Tidlegare fanst også to lokalitetar ved Trondheim. Begge førekomstane i vårt fylke ligg i freda våtmarksområde og burde såleis vere sikra. Bendeltjønnaks har vore notert som utdøydd i Norge, men er nyleg funne i Myklebustvatnet i Herøy, også her innafor freda område. Av dei atlantiske planteartane har purpurlyng nordgrense i vårt fylke, medan havburkne og hinnebregne, er sjeldnare, men har ei rekkje veksestader i Møre og Romsdal. Særleg havburkne er sjeldan i landsmålestokk, knytta som den er til område med havgrotter langs ytre, eksponerte klippekystar. Andre havbundne artar med nordgrense i Møre og Romsdal er marehalm, strandkveke og dikesvineblom.

I dei varmekjære lauvskogane finst lind i Ørsta og Volda, eik på Tingvoll, eføy i Ulstein og kristtorn på Smøla, alle på si nordgrense i Møre og Romsdal.

Mange artar er vanlege i deler av fylket, men er truga i yttergrensene. Det gjeld t.d. kusymre, som er ei kystplante. Innerste veksestaden i fylket var Oppdølstranda i Sunndal, men der er den truleg utrydda p.g.a. plukking.

- Dyrelivet

Kjennskapen til den lågare faunaen er særdeles mangelfull, og vern og forvaltning av insekt og anna småkrek har neppe påkalla lekfolks omsorg. Likevel høyrer også desse artane med under forvaltingsansvaret vårt. Og visse spesialitetar veit vi at det finst. Sommarfuglarten Mnemosyne er påvist berre på to lokalitetar i vårt land. Den eine ligg i Sunndalen. Og så prosaisk det enn kan høyrast: Sjeldne snegleartar er registrerte, bl.a. på Grasøya ytst mot havet i Ulstein, innafor freda område. I Rindal og delar av Surnadal finn vi både stor og liten salamander. Desse er totalfreda, og er heilt avhengige av myrtjønner og dammar for å trivast. I ei tjønn i Skodje finst ein av dei få lokalitetane med blodigle i vårt land. Men stort sett er det eit forsømt felt, dette med vern av den lavare faunaen.

Best kjende dyregruppa i fylket er nok utan samanlikning fuglane, og vårt fylke har eit sentralt forvaltingsansvar for fleire av dei artane som er med i gruppa "truga og sårbare". Minst 3/4 av dei kjende hekkepara av dvergdykkar i vårt land er å finne i Møre og Romsdal, stort sett innafor område som er med i Verneplan for våtmarker. Likevel er dei sårbare, knytte som dei er til vegetasjonsrike småtjønner i område med tett busetnad. Situasjonen for arten ser ut til å vere stabil. Då er det verre for storlom og smålom. Begge har gått sterkt attende i fylket i nyare tid. Derfor er det sett i gang arbeid for å summere opp viten om desse artane.

Sidan 1975 har toppskarven gått attende med 2/3 i Møre og Romsdal. Etter stabilisering i 1985, gav 1986 og 1987 på nytt svært dårlege år for arten, med låg ungeproduksjon og 25 % færre reir i hovudkolonien på Runde. Nye tellingar sommaren 1988 synte ein liten tilvekst i hekkande par, og med betre ungeproduksjonen. Det er likevel for tidleg å seie om dette betyr eit vendepunkt. Fleire av dei mest sjeldne andeartane i vårt land hekkar i Møre og Romsdal. Nokre av dei har truleg nokre av sine viktigaste lokalitetar her, t.d. knekkand. Diverre har det vore fleire negative trekk: Svansvatnet på Vigra, hekkplass for knekkand og skeiand, er no uttørka, og det ser ut til at dei taffelendene som hekka på Sula, har forsvunne.

På rovfuglfronten merkar ein seg særleg havørn, kongeørn og vandrefalk. Den førstnemnde har hatt positiv utvikling siste åra. Kongeørnbestanden er og god, kanskje den største og tettaste i noko fylke i vårt land. Dette gjev forvaltingsansvar av internasjonal interesse. I internasjonal samanheng er det likevel vandrefalken som for tida er den mest truga. Då er det tilfredsstillande å notere at bestanden i Møre og Romsdal har utvikla seg positivt dei siste åra.

Fylket merkar seg og ut når det gjeld riksefuglar. Ein rapport frå 1985 tydde på at fylket var det viktigaste åkerrikefylket i landet, ein art på kanten av utrydding hos oss. Viktigaste områda var brakkmarker i dei ytre øykommunane nord til Fræna. Registreringar i 1988 gav likevel urovekkande dårlege resultat for åkerrike i Møre og Romsdal, i det fuglen vart påvist berre på eit fåtal lokalitetar. I tillegg er det årvisse førekomstar av myrrike og vassrike i fleire av sumpmarkene og ferskvatna, to artar som er svært sjeldne og sporadiske elles i landet. Myklebustvatnet i Herøy er ein særleg viktig lokalitet for desse artane.

Det blei 1985 også lagt fram ein rapport om gråspett og kvitryggspett i Møre og Romsdal, to artar som står på den europeiske lista over "truga og sårbare". Det er gode bestandar av begge artane i fylket. Saman med dei andre Vestlandsfylka har Møre og Romsdal for tida ein vesentleg del av den kjende, europeiske bestand av begge desse spettene. Dei er avhengige av naturlege skogsbestandar og kan svært fort kome i faresona dersom avverking av vestlandsskogane og treslagsskifte til gran blir gjennomført i stor stil. Eit prosjekt på registrering av hakkespetter i Møre og Romsdal vart igangsett 1988. Hovudvekta er lagt på kvitryggspett og gråspett og tek i første omgang sikte på å oppdatere oversyn over bestandsstorleik og utbreiing i fylket. I Surnadal er det følgt opp kontrollar av tradisjonelle hekkeområde for kvitryggspett.

Av pattedyra er det særleg rovdyra som er truga og sårbare. Nyare registreringar syner at det finst små bestandar av både bjørn, jerv og gaupe i fylket, først og fremst i dei indre grensetraktene. Forvaltninga av desse kan vere problematisk nok, jmfør merknader om rovviltskadar. Registreringsarbeid i 1985 syner og at delar av fylket har bra oterbestand, ein dyreart som i det meste av Europa har vore på sterkt vikande front. Etter ein stor nedgang også i vårt fylke, syner registreringar 1986-88 at det er ein viss ekspansjon att.

Som ein ser, er det i Møre og Romsdal bestandar av ei rekkje truga og sårbare dyre- og planteartar. Sjølv om nokre av desse kan nyte godt av dei verneplanane som er under arbeid, står det framleis mykje att før datagrunnlag og forvaltingsprinsipp for truga og sårbare plante- og dyreartar tilfredstiller behovet når det gjeld forvaltning av desse artane.

Tiltak:

I samsvar med Langtidsplan 1987-1990 er følgjande arbeid oppfølgt i spesielle prosjekt som gjeld sårbare/truga artar i Møre og Romsdal 1988:

Havørn: I samband med det nasjonale "Prosjekt havørn" er bestandsregisteret for havørnhekkeplassar i Møre og Romsdal oppdatert til og med 1988. Hovudvekta er lagt på populasjonsdynamiske studier gjennom det internasjonale fargeringsmerkingssprosjektet som går til og med 1992. Av forvaltningstiltak er omsynet til hekkeplassar

for havørn bygt inn i sakshandsaminga i aktuelle arealplansaker, først og fremst når det gjeld oppdrettsanlegg, hytteplanar og skogsbilvegar.

Vandrefalk: Også for denne arten er hekkebestandsregisteret oppdatert til og med 1988 i samband med årleg sjekk av kjende og potensielle hekkeplassar. Dette gjeld og registrering av årleg ungeproduksjon og ringmerking av reirungar. Spesielle forvaltingsstiltak er ikkje gjennomført.

Kvitryggspett: Som nemnt ovanfor, er det igangsett eit kartleggingsprosjekt, og parallelt med dette ein studie omkring populasjonsdynamiske tilhøve. Spesielle forvaltningstiltak er ikkje gjennomførde.

Åkerrikse: Bestandsovervaking vart igangsett 1988, men med det negative resultatet dette året, var det vanskelig nok å følgje opp både populasjonsdynamiske studier og spesielle forvaltningstiltak.

Songsvane: Det ligg føre eit solid datagrunnlag for forvaltning av denne arten. Ved gjennomføring av "Verneplan for våtmarker i Møre og Romsdal" 1988, er ein stor del av beiteplassar og potensielle hekkelokalitetar for arten sikra i Møre og Romsdal. Ut over dette er omsyn til svanelokalitetar innebygt i einskildsakshandsaming når det gjeld arealbruksplanar.

Blodigle: Den einaste kjende lokaliteten for arten vart undersøkt 1988, men det er enno ikkje gjort forvaltingsmessige tiltak for å sikre denne.

VERN OM VILTARTANE OG DEIRA LEVEOMRÅDE.

Mål

Sikring av leveområde for samtlege viltartar både for å halde på dei artane som er truga eller sårbare og å halde ein god produksjon på dei artane som er talrike.

Innsats

Arbeid med å gje ut viltkart har teke 6 månadsverk. Vi har gjort detaljregistreringar ved to ulike hjortevilttrekk i samanheng med arbeid for å sikre trekkorridorar. Det har og vore arbeidd noko med vilthensyn i skogbruket.

Ulike registreringar av vilt og arbeid med arealplanar er gjeve midlar frå viltfondet. Ei lang rekke kommune- og reguleringsplanar er behandla med viltkartet som grunnlag.

Resultat

Viltkartverket blei ferdig digitalisert, og viltregisteret blei ajourført.

Dei registreringane vi støtta opp om gav informasjon som gjer viltkartet meir fullstendig.

Det er arbeidd inn omsyn til viltet i fleire kommune- og reguleringsplanar. Nokre tiltaksplanar for skogbruket og samtlege søknadar om statstilskott til skogsvegar er og vurdert ut frå viltomsyn.

FAGLEG STYRKING AV VILTNEMNDENE

Mål

Generelt bør viltnemndene få betra kunnskap om heile det fagområdet dei dekker slik at dei tek mest mogleg rette avgjerder i alle saker. Opplæring i saksbehandling, storviltforvaltning og vurdering av arealsaker har førs-teprioritet.

Innsats

Arbeid med tilsetting av sekretærar for viltnemndene tok omlag 1 månadsverk i starten av året.

Det blei halde eit to-dagars fellesmøte for viltnemndene samt eit kurs for nyvalde viltnemndleierar og nyttilsette sekretærar. Gjennom fellesmøte og kurs blei det lagt stor vekt på forvaltning av hjortevilt, samt på reglar for saksbehandling.

Telefonisk rettleiing skjedde gjennom heile året.

Resultat

I 1988 tilsette fylkesmannen sekretærer for 33 av dei 38 viltnevdene i fylket. I 4 viltnevnder fungerer leiaren som sekretær, medan ei viltnevnd har knytt til seg sekretær som ikkje blei tilsett innan utgangen av året.

Både den informasjonen som blei gjeve ved møte- og kursverksemd og den informasjon som er gjeve gjennom telefonkontakt har gjeve resultat, men dette er vanskeleg å måle.

MÅLRETTA STORVILTFORVALTNING

Mål

Tilpassing av bestandane av dei ulike artane til næringsgrunnlaget slik at ein kan hauste maksimalt av bestandane på lang sikt utan at det blir valda vesentleg skade. Etter kvart bør det arbeidast for å få til ei meir heilheitleg forvaltning over større område i såkalla hjorteviltregionar. Det inneber at grunneigarane må samarbeide langt meir enn dei gjer i dag.

- Elg

Det må sikrast at elgen får breie seg ut til dei områda i fylket der den har naturlege føresetnadar for å leve. Ei slik utbreiing må ikkje stoppast ved for hard jakt i det som i dag er marginalområde for utbreiinga.

- Hjort

Hjorten er breidd ut over heile fylket, og utfordringa i hjorteforvaltninga vil i første rekke vere å optimalisere jaktuttaket utan at det blir valda vesentleg skade.

- Villrein

Menneskeleg aktivitet har skapa store problem for Snøhettareinen. Ei utfordring her blir å auke dyretallet i den vestlege delen av området samt å betre høve til trekk mellom dei to delane av området. Slik det ser ut, vil vern om områda dyra trekker gjennom samt jaktpolitikk vere beste måten å byggje opp att Snøhettastammen på. Det vil og vere vesentleg å kartleggje eventuelle trekk ut og inn av området.

Ottadalsområdet har ikkje dei same problema som Snøhettareinen, men også her vil det vere viktig å halde på det arealet som reinen nyttar og å sikre dei trekkrutene som fungerer.

Jaktpolitikken i områda er med på å auke det arealet som reinen nyttar innafor begge området.

Etter Tsjernobylulukka 1986 har det vore etter måten høg radioaktivitet i villrein i desse to områda. Det er ein tendens til at radioaktiviteten går ned, men det skjer ikkje så fort som venta. Etter at helsedirektoratet gjekk ut med kosthaldsråd for dei som et mykkje rein-kjøtt, er det ikkje så stor skepsis til reinkjøtt at det har vore problem å få jegerar ut på reinskjøtt. Overvaking av radioaktivitet i reinskjøtt bør halde fram slik at dei som jaktar veit kva dei et.

- Rådyr

Det må sikrast at rådyret får breie seg ut til dei områda i fylket der det har naturlege føresetnadar for å leve. Elles er det eit mål at jakta skal take ut meir av det overskotet som blir produsert i rådyrbestandane i staden for at harde vintrar trafikkulukke o. a. regulerer bestandane.

Tiltak

Det blei lagt stor vekt på informasjon om hjorteviltforvaltning på fellesmøte for viltnemndene.

Innsamling av sett-elg skjema for å fange opp endringar i elgbestandane i samtlege kommunar som har jakt på elgjakt.

Innsamling av kjevar og kjønnsorgan frå elg i kommunane Rindal, Surnadal og Halså samt møte med desse viltnemndene og jegerar frå desse kommunane i samband med innsamlinga.

Rettleiing av viltnemnder og villreinnemnder samt deltaking på møter både i villreinnemnder og årsmøter for villreinutval.

Telefonisk rettleiing skjedde gjennom heile året.

Resultat

Viltnemnder og villreinnemnder får stadig betre grunnlag å ta avgjerder på. Villreinforvaltninga kviler på det beste grunnlaget, men forvaltninga av elg og hjort og rådyr blir og stadig betre fundert.

Fleire viltnemnder har sett igang teljing av hjort tidleg på våren når den samlar seg på innmarka slik at variasjonar i dei ulike bestandane fangast opp, og gjev grunnlag for den lokale forvaltninga.

Det ser ut for at rådyra etter kvart blir noko betre utnytta.

BETRE ÅLMENTA SITT JAKTTILGJENGE

Mål

Alle viltartar som produserar eit overskot som det er forsvarleg å hauste og som det er lovleg å hauste av bør kunne jaktast på i ein størst mogleg del av utbreiingsområdet i fylket.

Tiltak

Informasjon til grunneigerar og viltnemnder.

Løyving frå viltfondet til tre ulike grunneigarsamanlutningar for å informere om tilbod på jakt.

Resultat

Informasjonsmaterieill som aukar ålmenta sitt høve til å finne fram til tilbod om småviltjakt.

REDUKSJON AV KONFLIKT MELLOM VILT OG NÆRING

Mål

Redusere konflikt mellom næring og vilt til eit akseptabelt nivå.

- Hjortevilt

Hjortevilt gjer av og til vesentleg skade på skog og innmark. Mesteparten av dette bør unngåast ved at jakta blir lagt riktig opp og ved at det arbeidast med avvergande åtgjerder. Det må arbeidast spesielt for å få til ei meir heilheitleg forvaltning over større område i distrikt som er utsette for skade.

Når skade har skjedd på innmark, kan fylkesmannen tildele erstatning. Dette reduserar ikkje skaden, men gjer at han blir akseptert. Vi ønskjer å rette mest mogleg av innsatsen mot avvergande åtgjerder som løyser problem.

- Vilt som gjer skade på aquakultur

Aquakulturanlegg bør plasserast slik at dei ikkje kjem i område der det på førehand er mykkje vilt som kan valde skade på drifta. Dersom det blir plassert slik at det blir utsett for skade, bør skade avvergast gjennom førebyggjande åtgjerder som til dømes nøter over og rundt merdene og ulike skremselstiltak, og ikkje ved avlving av vilt.

- Rovvilt som gjer skade på bufe

Fylkesmannen bør til ei kvar tid ha oversikt over kva for rovdyr som gjer skade på bufe i ulike delar av fylket. På det viset kan vi informere bufeeigarar, og vi kan i nokre tilfelle gje råd om førebyggjande åtgjerder. I mange tilfelle vil informasjon om noregs rovvilt-politikk og dei erstatningsordningane som gjeld gje auka toleranse for dei skadane som skjer.

Tiltak

Informasjon til viltneemdene og til dei som har problem med viltskade. Behandling av erstatningssaker; 2 vekeverk.

Ved uttale til nye konsesjonar for aquakultur blei det gjort merksam på spesielle problem som kan oppstå med vilt på den aktuelle lokaliteten. I nokre høve frårådde vi etablering av aquakultur. Det blei òg gjeve råd om førebyggjande åtgjerder.

Fleire kadaver blei obdusert for å finne ut om det var rovvilt som hadde avliva dyra. Vi la òg ned om lag 2 vekeverk i informasjon.

Resultat.

Folk har blitt meir klar over kva som kan gjerast for å hindre vilt i å gjere skade. Dei kjenner og betre til dei erstatningsordningane som finnst slik at dei for ein del aksepterar skade.

ROVVILTFORVALTNING

Mål

Få best mogleg oversyn med kva vi har av dei ulike rovviltartane og kartleggje kva skade dei gjer på bufe. Skape forståing for at rovviltet bør haldast på som ein del av naturen. Der dei gjer skade på bufe, ønskjer vi å gje informasjon om dei erstatningsordningane som gjeld slik at dei bufeeigerane som er råka av freda rovvilt som gjer skade på bufe ikkje lir økonomisk tap av den grunn.

Tiltak

Informasjon gjennom viltnemnder, presse og direkte kontakt med einskildpersonar.

Innsamling og vurdering av rovviltmeldingar for å betre oversyn med kva vi har av rovvilt. Undersøking av kadaver av bufe for å finne kva som var årsak til at dyra har dauda.

Resultat

Haldningsendringar er vanskelege å måle, men vi trur at det etter kvart er auka forståing for at rovviltet er ein del av den norske naturen.

Rovviltmeldingane som har kome inn går i hovudsak ut på jervobservasjonar i Snøhettaområdet. Det har òg vore nokre observasjonar av jerv i Reinheimen og i Trollheimen.

Vi har fått inn nokre gaupemeldingar 1988. Observasjonane tyder på at vi har gaupe i tre åtskilte område. Desse områda ligg i Sykkylven, Rauma og Halså kommunar.

Vi har ikkje godtekne meldingar om bjørn eller ulv frå 1988.

JEGEROPPLÆRING

Mål

Sikre at alle førstegongsjegerar får tilbod om å ta jegerprøva i heimkommunen.

Tiltak

Informasjon om jegerprøva og utsending av jegerprøvemateriell til viltnemndene. Samarbeid med frivillige organisasjonar for avvikling av den praktiske delen av prøva.

Resultat

Jegerprøveavviklinga fungerte tilfredsstillande.

BETRING AV JAKTMORALEN

Mål

Betre jaktmoralen slik at jakta skjer på ein måte som gjer at viltet ikkje lir unødig og slik at jakta blir akseptert av samfunnet og kan halde fram. Bruk av hund står sentralt i denne samanhengen. Problemet med hundar som jagar sau må løysast på ein slik måte at grunneigarar tillet bruk av hund på jakt.

Tiltak

Oppmode jegerar om å nytte hund på jakt slik at skadeskote vilt kan finnast og bli avliva raskt og effektivt. Det er mellom anna gjeve midlar frå viltfondet til 5 ulike foreiningar som driv med sportrening av hundar og med å lære hundar av med å jage sau.

Resultat

Kursa som det er gjeve midlar til er haldne, og nye hundar som er trenar i ettersøk av skadd vilt kjem til. Fleire viltnemnder har aktivisert seg i arbeidet med å få sporhundar i bruk på storviltjakt.

PLAN FOR STØTTE TIL JAKTSKYTEBANAR

Mål

Gje eit tilbod til dei som skal avleggje jegerprøva og til dei som vil drive øvelsesskyting før jakta startar. Vi legg hovudvekta på skytebanar for haglgevær.

Tiltak

Drøftingar med tillitsmenn for jeger- og fiskerforeiningane her i fylket for å finne kor manglane er størst. Tilskot frå viltfondet til ein leirduebane.

Resultat

Stønad frå viltfondet til skytebanar bør i første rekke gå til leirduebanar, og bør gjes som ei grunnstøtte til dei banane som får midlar.

FISK

- Laksefisket syner ei negativ utvikling
- Forvaltninga av ferskvassfisk har vore sterkt prega av dei spesielle tilhøva ein har innan forvaltninga av ferskvassfisk i Møre og Romsdal. Den negative utviklinga i produksjon og fangst av laks har fortsett. Dette har sikkert fleire årsaker, men av dei viktigaste er den harde utnyttinga av fiskebestandane i fylket, og det at lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* no finst i ei rekkje av dei mest verdfulle lakseelvane i fylket.
- Dei særlege tilhøva i fylket krever ein stor arbeidsinnsats
- Det meste av arbeidsinnsatsen har gått med til utgreingar, granskingar, vidare arbeid med data og innsamla biologisk materiale, møte og anna informasjonsverksemd. Vidare er mykje arbeidstid gått med i samband med kartlegging av utbreiinga av lakseparasitten *G. salaris*, arbeid med å kjempe mot parasitten og gjere tiltak for å bøte på dei skadane denne fører med seg.
- Lakseparasitten har ikkje blitt påvist på nye lokalitetar
- I 1988 har ein ikkje kunne påvise at lakseparasitten *G. salaris* har spreidd seg til nye vassdrag. I fylket er parasitten no påvist i 19 lokalitetar, og av desse er 18 lakseførande vassdrag. I Noreg er parasitten no funnen på 32 stader. Ein reknar med at berre i vårt fylke representerer skadane av denne parasitten eit fangsttap på godt over 100 tonn.
- Fiskeforvaltaren har teke del i ei rekkje synfaringar, møte og kurs av ymse slag innan fagfeltet. Ved mange høve er det halde faglege foredrag og innlegg.
- Av saker som fylkesmannen er delegert mynde til å fatte vedtak i, er det til saman innvilga stamfiskeløyve for 22 vassdrag.
- Kultiveringsarbeidet for laks og sjøaure held fram
- Det er gjeve løyve til fangst av 1110 stamfisk fordelt på 855 laks og 255 aure. Resultatet av stamfisket syner at berre 424 laks og 173 aure vart fanga til kultiveringsformål. Berre 77% av innvilga fangstkvote av laks og 20% av innvilga fangstkvote av aure vart altså fanga. Årsaka til dette dårlege resultatet er at fangsttilhøva i nokre høve var sær sars vanskelege, men i dei fleste tilfella er nok årsaka at det er lite fisk å fange på i elvane. Ei anna årsak kan òg vere det faktum at dei som driv dette uløna arbeidet oftast ikkje ser monalege resultat.
- Det trengst betre rettleiing for kultiveringsarbeidet
- Det er eit sørgjeleg faktum at det aller meste av den frivillige kultiveringsinnsatsen når det gjeld laks og sjøaure skjer utan at det på førehand er gjennomført ei gransking av reproduksjonstilhøva i det einskilde vassdraget. Dette inneber at det for nokre vassdrag årleg vert gjennomført eit stort kultiveringsarbeid som kan vere til inga nytte, mens det i andre vassdrag kunne ha blitt gjennomført ei kultivering av laks- og sjøaurebestanden med stort utbytte. I mange høve har ein inntrykk av at kultiveringsinnsatsen skulle ha blitt nytta på ein noko annan måte enn kva tilfellet er. Ein skal heller ikkje sjå bort frå at kultivering i form av klekking av rogn og utsetting av yngel kan føre med seg ein fare for spreining av uønska fiskestammar og fiskesjukdommar. Det

er difor beklageleg at ein i forvaltninga av dei ulike bestandene av laks og sjøaure ikkje har hatt høve til å skaffe eit fagleg grunnlag for å kunne gje ein slik viktig og naudsynt informasjon.

I 1988 er det vidare gjeve 5 løyve for prøvafiske i ferskvatn, og 10 fiskeløyve til enkeltpersonar. Frå Direktoratet for naturforvaltning si side er det til saman gjeve 7 fiskeløyve til enkeltpersonar i vårt fylke.

Etter offentleg statistikk har fylket til saman 22130 vatn når smått og stort er medrekna. Dette utgjer eit vassdekt areal på ca 508 km². Berre frå eit fåtal av desse vatna ligg det føre kunnskap om dei fiskeribiologiske tilhøva.

I fylket er det offisielt registrert ca. 60 vassdrag som fører laks og sjøaure. Det eigentlege talet er etter det ein no kjenner til om lag 180.

Ferskvassfisk-
ressursane bør
kartleggast

Direktoratet for naturforvaltning si målsetting er òg gjeldande for forvaltninga på fylkesplan. Punkt 1 og 2 i målsettinga, som omfattar vern av livsgrunnlaget til ferskvassfiskeartane våre og det å sikre den naturlege artsrikdomen av ferskvassfisk, skal vere prioriterte oppgåver. Ein føresetnad for oppfylling av desse punkta i målsettinga er at ein kjenner til den geografiske utbreiinga til desse artane, samt at ein har ei oversikt over livsgrunnlaget deira. I Møre og Romsdal er kunnskapen på desse områda særskild mangelfull, og det er stor trong for å kome i gang med eit slikt registreringsarbeid. Til no har arbeidssituasjonen og bemanninga diverre ikkje gjeve høve til slikt arbeid.

Innlandsfisk/Innlandsfiske

Innlandsfisken
er ein lite ut-
nytta ressurs

I 1988 er ei rekkje vatn undersøkte med omsyn til hydrografi og fiskebestand. Det mest omfattande arbeidet på dette området har vore gjennomført i Sunndal kommune i regi av Sunndal fjellstyre og Sunndal innlandsfiske- nemnd. Ein har diverre ikkje funne å kunne prioritere ei deltaking i denne type arbeid, men det har vore gjeve informasjon til dei som har ynskt å gjere slikt arbeid. I ei rekkje tilfelle har det vore utlånt garn og anna naudsynt utstyr. Fylkesmannen har oftast gjennomført den detaljerte granskinga og tolking av dei innsamla data. Rapporteringa av dei framkomne opplysningane har òg blitt gjennomførte av fylkesmannen.

Laks- og sjøaureførande vassdrag

Mengd fanga laks
gjeng stendig att-
ende

Den samla årlege fangst av laks i elvane i fylket er meir enn halvert (i vekt) i løpet av dei siste 10 åra. Dette trass i at statistikkgrunnlaget stadig har blitt betre. I same periode har fangstane (i vekt) av sjøaure i vassdraga gått opp. Opplysningar som vi får ved henvendingar, og frå massemedia, fortel om at gjennomsnittsstorleiken på laksen har minka, og det kjem vidare ofte påstandar om at lakseoppgangen i elvane er seinare

no enn for nokre år sidan. Dersom dette er tilfelle, er det urovekkjande.

Frykt for at både fangst og kultivering av laks kan føre til at ein påverkar bestanden til å bli meir seintkomande, gjer at kultiveringsinnsatsen i nokre vassdrag no har som siktemål å rette litt på desse tilhøva. Dette vil ein m.a. prøve ved å ta stamfisk monaleg tidlegare enn vanleg, og i tillegg vere meir kritisk til val av stamfisk både når det gjeld stamme og storleik.

Berre i eit fåtal vassdrag har ein registrert at forureining har hatt ein negativ innverknad på fiskeproduksjon og fiske i vassdrag.

Lakseparasitten Gyrodactylus salaris

Fare for at lakseparasitten skal spreie seg til nye område

I 1988 vart det ikkje registrert nye vassdrag som er infiserte av lakseparasitten *G. salaris*. Derimot har det vore kjent at det i nedslagsfeltet til fleire elvar, m.a. Surna, Søya og Todalselva i Surnadal kommune, er sett ut regnbogeaure i dammar og vatn. Det ligg føre mistanke om at denne fisken kan kome frå kultiveringsanlegg som kan ha vore infiserte av denne parasitten. Grundige prøver i dei aktuelle områda har til no ikkje påvist utbrot av lakseparasitten.

Som eit forsøk på å framskaffe opplysningar om spreieing og utsetting av fisk til dammar, vatn og vassdrag er no samtlege kjende lag, foreiningar, offentlege nemnder og styre som har med forvaltning av ferskvassfiskressursane i fylket kontakta. Det har ikkje framkome nye og urovekkjande opplysningar ved denne granskinga. Denne prosessen har likevel vore særst nyttig for spreieing av informasjon.

Når det gjeld *G. salaris* er Møre og Romsdal det hardast ramma fylket

Påvising av stadig nye lokalitetar kor lakseparasitten *G. salaris* finst i Møre og Romsdal, gjort i dei seinare åra, og den stendige trugselen om vidare spreieing av parasitten i høve til dei ressursane som har vore stilt til disposisjon for oppfølging av dette problemkomplekset, gjer at vi diverre må slå fast at vi til no på langt nær ikkje har hatt kontroll med situasjonen.

Til saman er det 19 lokalitetar i fylket kor denne parasitten førekjem eller har forekome. I landet er det totalt funne 32 slike lokalitetar.

Resultatet av parasittangrepet i elvane her i fylket har, i så nær som ei elv, synt at produksjonen av lakseungar så godt som opphøyrer. Så langt ein kjenner til, er det berre lakseungane som vert angripne av denne parasitten. Dette fører til at få år etter at parasitten er komen til eit vassdrag, vil det oppfiska kvantum av laks i elva gå sterkt attende. I fleire av dei angripne elvane i fylket er det no fare for at den lokale, staddigne, laksestammen kan døy ut.

Handlingsplan for tiltak mot *G. salaris*

Direktoratet for naturforvaltning har utarbeidd ein handlingsplan som har som mål å utrydde *G. salaris* frå lakseelvane våre. Ein slik aksjon inneber ei rekkje

tiltak som stenging av fisketrapper, bygging av fiske-sperrer i enkelte elvar og rotenonbehandling. Diverre har det av økonomiske årsaker ikkje blitt høve til å følgje denne planen.

Etter denne planen er det no bygd fiskesperre i Aure-elva i Sykkylven, og fisketrappene i Usma (Sunndal kommune), Isa (Rauma kommune), Valldøla (Norrdal kommune) og Korsbrekke-elva (Stranda kommune) er stengde med heimel i lov.

Kontrollar i 1988 har ikkje kunna påvise parasitten på ny i Tafjordelva eller i Korsbrekke-elva.

Aureelva og Vik-elva er rotenon-behandla i 1988

Hausten 1988 vart det gjennomført rotenonbehandling i Vikelva og Aureelva i Sykkylven kommune.

Det var planlagt ei ny rotenonbehandling av Bævra i 1988, men det synte seg at tilhøva lokalt ikkje låg til rette for ei ny behandling på det aktuelle tidspunktet. Årsaka er at eit settefiskanlegg har vasstilførselen sin frå elva, og dette anlegget var ikkje i stand til å skaffe seg ei alternativ vassforsyning.

Fylkesmannen har tatt del i planlegging og gjennomføring av tiltak for å utrydde lakseparasitten G. salaris frå Skibotnelva i Troms. Dette er den mest omfattande akjonen som har vore gjennomført til no for å utrydde denne sjukdommen.

Rømt oppdretts-fisk ein trussel for villfisken

Hausten 1988 havarerte delar av eit oppdrettsanlegg for laks i Hjørundfjorden. I dette anlegget var fiskesjukdommen furunkulose tidlegare påvist. Av frykt for at denne rømde fisken skulle spreie sjukdom til villfiskbestandar av laks i området vart det av Direktoratet for naturforvaltning gjeve høve til eit utvida fiske etter laks i Hjørundfjordområdet. Dette var i tidsrommet for årsfreding av laks og sjøaure. I tillegg vart 12 elvar, i omlag tre veker, stengde i munningsområdet med garn for å hindre oppgang av sjuk fisk.

Det blei i 1988 gjeve ei rekkje meldingar om observasjonar og fangstar av rømt laks og regnbogeaure i ei rekkje elvar fordelt over heile fylket. Dette er ei urovekkjande utvikling.

Overvaking av G. salaris er ei sers viktig og krevjande oppgåve

For å kartlegge utviklinga i fiskebestandane i dei infiserte vassdraga, og for å granske om parasitten etter kvart spreier seg til nye lokalitetar, har det i 1988 vore teke prøver frå ialt 80 elvar her i fylket. Til saman er 114 prøver innsamla og granska. Sjølv om ein til ein viss grad har hatt engasjert hjelp til dette arbeidet, har aktiviteten på dette området gått ut over andre viktige oppgåver. Til dømes ligg ein diverre fortsatt langt etter med vanleg sakshandsaming.

VATN

1. Utfordring/mål

Frå mange hald blir det hevda at vårt fylke er reint og lite prega av forureining. Det blir vist til god tilgang på ferskvatn i vassdraga og store tynt befolka kystområde som ligg vel til rette for all slags utnytting for sjøbasert verksemd.

Utviklinga dei seinaste åra viser likevel at det er konkurranse og i somme tilfelle direkte strid mellom ulike interesser i dei einskilde ferskvass- og sjøvassressursane i fylket. Kvar av desse interessene har sine spesifikke krav til vasskvalitet, mengde, arealmessig samanheng m.v. som ofte ikkje lar seg sameine.

Utbygging av kommunale avløpsanlegg skjer dels ut frå behovet for å klargjere nye område for bustadbygging og utvikling av næringsverksemd. I tillegg gjennomfører kommunane tiltak innafor opprydding, sanering og rehabilitering av eldre avløpsanlegg, og dette arbeidet fører direkte til at forureininga frå kommunale utslepp blir redusert. Mykje arbeid gjenstår her, og samanhengen mellom viljen til å utøve praktisk miljøvern og viljen til å betale høgare kommunale avgifter blir etter kvart klårlagt for folk flest. Dette gjeld og kravet om reinsing som ofte blir reist frå grasrota i kommunane. I meir spredtbygde område vil ei gradvis fortetting av bustadhus føre til ein auke i belastninga på bekkar og sjøområde. Små bekkar som blir nytta på denne måten kan i periodar ha låg evt. middels vassføring med rein kloakk, med dei estetiske og hygieniske problem dette medfører.

Næringsverksemd i form av industri og oppdrettsverksemd medfører og store utslepp av forureining. Industrien er einskilde stader blitt uthengt som syndebukk for fiske-tomme fjordar og anna elende. Slike påstandar er gjerne knytt til reine giftutslepp. I vårt fylke er berre få område klårt påverka av miljøgifter (m.a. Sunndalsfjorden). Utslepp av meir harmlause kjemikalier, av organisk stoff, fosfor og nitrogen frå næringsmiddelindustri (inkl. fiskeoppdrett) medfører fleire stader ulemper av meir lokal karakter. Desse utsleppa kan m.a. føre til blakking av vatnet, til luktulemper og til nedsett oksygeninnhald i vatnet. I ein del område med mange fiskeforedlingsanlegg er det registert store ulemper som følgje av ureinsa utslepp og evt. dumping av produksjonsavfall. Det er Statens forureiningstilsyn (SFT) som er konsesjons- og kontrollstyresmakt for industrien generelt, medan fylkesmannen har desse oppgåvene for fiskeoppdretts- og fiskeforedlings- verksemdene.

I lokalpressa og i lokalmiljøa får vi ofte referert konflikter som skuldast utslepp frå landbruket. Sjøl om vi i mange år har hatt forskrifter om silopressaft og om husdyrgjødsel og mykje er gjort på både kontrollsida og på tiltakssida, er mange vassdrag til dels sterkt påverka av landbruksutslepp. I tillegg til dei lokale konfliktane ser vi også at mindre bekkar og elvar blir ødelagt som oppvekstområde for fisk av dei samme årsake-

ne, og dette har betydning langt ut over dei lokale interessene. I tillegg til tradisjonell utbetring av tekniske anlegg på dei ein-skilde bruk, blir det mange stader teke i bruk ny teknologi som rundballeensilering av gras og kompostering av gjødsel som kvar for seg vil indirekte føre til lågare utslepp.

Sentrale styresmakter har trekt opp ressurspolitiske og velferdspolitiske mål for forvaltning av naturressursane våre. I arbeidet med forureiningssaker inneber dette at vi tar sikte på å

- oppretthalde/oppnå tilfredsstillande vasskvalitet
- oppretthalde/oppnå naturleg biologisk aktivitet
- tilfredsstille brukarinteressene innafor eit langsiktig tidsperspektiv

Basis for arbeidet er inngåande kunnskap om forureiningssituasjonen i dei ein-skilde resipientane. Målet må så bli ut frå denne kunnskapen å redusere evt. eliminere utslepp av forskjellige slag til dei ein-skilde resipientane, ut frå ønsket om å tilfredsstille dei ein-skilde bruksmåtane som er aktuelle i vassressursane.

2. Delmål

Viktige delmål for arbeidet i 1988 har vore:

- å få utarbeidd kloakkrammeplanar i kommunane som basis for å samle kommunal prioritering og forsvarleg forureiningsmessig forvaltning
- redusere forureiningsbelastninga på utsette vassdrag og fjordområde, samt frå hovudsleppa frå byar/tettstader ved sanering av utslepp, overføring av utslepp til betre resipientar og ved bygging av reinseanlegg
- hindre ulemper i form av forureining ved etablering av nye industriverksemdar, samt redusere utslepp frå eksisterande verksemdar (for fylkesmannen gjeld dette spesielt fiskeforedlingsverksemdene)

- eliminere landbruksforureining i form av utslepp frå siloar og gjødsellager, samt gjennom gjødselplanlegging og bruk av ny teknologi legge til rette for eit mindre forureinande landbruk
- regulere plassering av fiskeoppdrettsanlegg og evt. gjennomføre reinsetiltak, samt sjå til at nyetableringar og flytting skjer etter ei total vurdering av samtlege brukarinteresser

3. Innsats i 1988

I MAVD er det 4 stillingsheimplar som i utgangspunktet er avsett til arbeid med forureiningssaker. På grunn av vakansar er det berre nytta omlag 3 årsverk innan denne sektoren i året som gikk, og saman med opptrapping av aktiviteten på einsskilde område som t.d. havbruk, har dette ført til at behandlingstid og restansar har auka.

I den seinare tida er det imidlertid gitt signal om at ein etter kvart ikkje skal legge så stor vekt på grensene mellom dei einsskilde fag- og forvaltningsområde som avdelinga dekkjer.

For ei rekkje saksområde er det alt etablert rutinar i avdelinga der det tverrfaglege preget er sterkare enn elles og blir ivareteke gjennom ein felles uttale i dei einsskilde sakene. Dette gjeld spesielt plansaker og oppdrettssaker.

4. Resultat

Kunnskapstilfanget innafor naturdata om vassdrag og fjordar aukar og i vårt fylke. Møre og Romsdal er eitt av prøvefylka i landet når det gjeld overvaking i vatn. I dei siste 5 åra har vi fått tilført ein del tilskotts- midlar direkte over statsbudsjettet til gjennomføring av slik overvaking. For 1988 blei det tilført kr. 120 000 til Møre og Romsdal i form av slikt tilskott. Desse midlane blei disponert til delvis evt. heil finansiering av følgjande granskingar:

Enkel overvaking i fjordområda Skjølbergvågen i Smøla, Mjosundet i Aure, Einsetvågen i Eide og Bolgvågen i Frei: Desse områda er mindre fjordar/pollar som blir karakterisert som "terskelområde", men berre i Mjosundet blei det påvist spesielt stagnerande djupvatn/ kritiske oksygentilhøve.

Overvaking av Hjørungdalsvatnet i Hareid m.a. som følgje av kraftig oppblomstring av blågrønalgar hausten 1987: Det er ikkje rapportert om tilsvarande oppblomstring i 1988 i dette vatnet.

Kortvarig overvaking i landbrukspåverka vassdrag: Det er teke vassprøver (analyse) og observert vassføring og div. karakteristika i 11 vassdrag i Fræna kommune. Resultata er ikkje vurdert samla til no.

Automatstasjonen for miljødata ved Fosterlågen i Gjemnes kommune er eit samarbeidprosjekt mellom fylkesmannen,

Norges Geologiske Undersøkelse og Møre og Romsdal fylkeskommune. Stasjonen genererer kontinuerleg data frå det aktuelle området. Desse blir overført via radio/telenett og kan takast inn av aktuelle brukarar på ein vanleg PD.

Utanom desse mindre granskingane er det i 1988 gjennomført ein del arbeid med overvaking i Tingvoll/Sunndalsfjorden. Granskinga blir gjennomført i regi av SFT (industripåverka fjordområde). Dei delrapportane som no ligg føre viser sterk/betydeleg evt. moderat forureiningspåverknad av blautbotnfauna berre i dei inste delane av fjorden, samt for eit område ikring tidlegare Rødsand gruver. Sediment i fjorden er påverka med opptil 2500 gonger bakgrunnsverdien for PAH (tjørestoff) nær aluminiumverket og ned til 10 gonger bakgrunnsverdien ute i Bergsøyfjorden. Analysar av PAH i skjell, snegl og tang viser og betydelege innhald for den inste delen i fjorden, mens det ikkje er påvist spesielt høge verdjar for tungmetaller i desse.

Samlerapport for samtlege granskingar i vassdrag og fjordar i fylket i tidsrommet 1986-88 blir no skrivne i avdelinga.

Miljøverndepartementet har ei eiga tilskotts- og låneordning som gjeld finansiering av m.a. opprydding på avløpssektoren i kommunane, samt utbygging av renovasjonsanlegg. Sum av lån og tilskott frå staten utgjør 70% av dei totale kostnadene. Ordninga omfatter og planleggingsprosjekt av kommunaltekniske anlegg i kommunane, der det kan bli gitt 50% tilskott. I 1988 blei det i Møre og Romsdal finansiert avløps-, renovasjons- og planleggingsprosjekt for tilsaman 18,5 mill. kr. I eige vedlegg bak i årsmeldinga er det gitt nærare spesifikasjonar for desse prosjekta.

Ved årsskiftet 1988/89 hadde 8 av dei 38 kommunane i fylket godkjent kloakkrammeplan. Frå avdelinga blir det i fleire samanhenger påpeika for kommunane betydninga av å ha kloakkrammeplan som grunnlag for kommuneplanlegginga generelt og som m.a. innspel til det langsiktige arbeidet med kommunebudsjetta. I ein eigen tabell bak i årsmeldinga er det vist status for kloakkrammeplan i kommunane pr. 31.12.1988.

Det blei teke i bruk eitt større kloakkreinseanlegg i fylket i 1988: Dalabukta reinseanlegg i Kristiansund, silanlegg ("STEP-SCREEN") dimensjonert for ca. 5000 personekvivalentar (PE). I tillegg blei det teke i bruk eit ikkje kjent tal på større slamavskiljarar (felles avløpsløyser).

Fylkesmannen er forureiningsstyresmakt for fiskeforedlingsindustri medan samtlige øvrige industribransjar er i hovudsak innafor SFT sitt arbeids- og myndeområde. I løpet av 1988 er det herifrå blitt gjeve/vurdert berre eit fåtal utsleppsløyve til fiskeforedlingsverksemdar utanom oppdrettsanlegg. Det er tilsvarande gjeve løyve til utslepp frå .. nye fiskeforedlingsanlegg som er knytt til oppdrettsverksemdar. Det er imidlertid ei rekkje eksisterande verksemdar utan noko form for rein-

setiltak og som ofte medfører store lokale problem.

I 1988 er det herifrå behandla ei rad av søknader om nye konsesjonar for oppdrett av ei rekkje marine fiskeslag, samt mange søknader om flytting av eksisterande matfiskanlegg for laks og sjøaure. Totalt blei det behandla 146 slike søknader i 1988. Mange av desse sakene berører almene interesser i dei einskilde aktuelle områda, og frå avdelinga blir det lagt vekt på å få til lokaliserings- og produksjonsmåtar som fører til ulemper i minst mogleg grad for andre interesser. Det er ei aukande forståing for at utbygging av akvakulturnæringa bør gå føre seg etter ein plan for det einskilte område evt. for heile kommunen.

I løpet av 1988 tok personell frå fylkesmannen del i arbeidet med to relativt store prosjekt på havbrukssida i Møre og Romsdal: LENKA og Havbruksplanen. Gjennom LENKA-prosjektet (Landsomfattende Egnethetsvurdering av den Norske Kystsonen for Akvakultur) har Miljøverndepartementet søkt å avklare på fysisk eigna lokalitetar og samstundes oppnå ei grovmaska avklaring av eventuelle konflikhtar mellom akvakultur og konkurrerande brukarinteresser i sjøområde og vassdrag i kystsona. Prosjektet munnar ut i ei inndeling av vårt fylke i 61 soner som kvar blir klassifisert som A-, B-, og C-soner ut frå fysisk resipientkapasitet når det gjeld produksjon av matfisk. Denne soneringa har klåre avgrensingar på grunn av at inndelinga av fylket er etter måten grov.

Gjennom deltaking i Havbruksutvalet og i Fagleg Styringsgruppe (FSG) under Havbruksutvalet har personell frå avdelinga teke del i utforminga av Havbruksplanen for Møre og Romsdal som er utarbeidd på oppdrag frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Havbruksplanen er bygd opp av ei rad av einskildrapportar, der spesielt to av desse har klåre tilknytingspunkt med miljøspørsmål: Rettleiar i kommunal kystzoneplanlegging gir kommunane nødvendig bakgrunnsinformasjon og metodikk for planlegging av eigen kystzone som ein lekk i arbeidet med kommuneplanen. Terskelfjordrapporten gir viktige innspel om dynamikk i terskelfjordar, basert på målingar over eitt år i 30 fjordar i fylket.

I 1988 gjennomført fylkesmannen, vesentleg med engasjert personell, 495 kontrollar av siloanlegg på gardsbruk rundt om i fylket. Ved omlag 300 av desse blei det påvist manglar. Det blei påvist forureining av vassdrag ved omlag 1/3 av bruka. 290 gardbrukarar har fått pålegg om tiltak, medan 8 gardbrukarar er melde til politiet for brot på pressaft-forskriftene.

5. Vurdering

Innsatsen for å rydde opp i eksisterande forureining har neppe resultert i vesentleg betring i 1988 bortsett frå i nokre få område som har vore spesielt prioritert for dette (sjå lista over prioriterte oppryddingstiltak i eige vedlegg). Dette gjeld både utslepp av kloakk og av prosessvatn frå industri. For nye bustadområde og fiskeforedlingsanlegg, settefiskanlegg m.v. blir det krevd bygging av aktuelle reinseinnretningar. For matfiskanlegg blir det tilsvarande krevd lokalisering til gunstige lokalitetar (vs. risiko for forureining). Kontroll, informasjon og spesielle finansieringsordningar har ført til at forureininga frå landbruket har gått noko ned i einstilte område. Totalt sett må vi difor kunne vurdere utviklinga å vere på rett veg, men "det ganga så seint og så smått -" !

LUFT

Brenning av oljeprodukt og anna brensel fører til m.a. utslepp av gassar som svoveldioksyd, ulike nitrogenoksyd, tungmetall, tjørestoff og andre organiske mikroforeiningar. Eksponering for desse stoffa kan føre til irritasjon på slimhinner, ymse sjukdommar evt. former for forgiftning. Vi har både lokale kjelder (biltrafikk i nærleiken, avfallsbrenning, oljefyring, industriut-slepp) og fjerne kjelder (dei same kategoriane). Tilførsel av luftforureing frå lokale kjelder vil generelt vere størst der det er størst biltettleik, industri m.v., medan slik tilførsel frå fjerne kjelder vil vere størst der vertilhøva fører til overføring av utslepp f.eks. frå andre industriland. Forureina luft vil som regel i kontakt med vatn/vatndamp gi sur nedbør som gir forskjellige slag skadeverknader i jord, vassdrag og på m.a. bygningar (korrosjon).

Generelt er vårt fylke lite prega av luftforureining frå fjerne kjelder. Ei forklåring på dette er at vindar frå kontinentet og frå Storbritannia ikkje når hit i særleg grad. Granskingar som er utført m.a. gjennom "Tusen sjøers undersøkelse" viser at innsjøar i heile fylket er lite påverka av sur nedbør, medan nokre innsjøar sør om Stad er tilsvarande markert påverka. Ein av bakgrunnsstasjonane i eit landsomfattande nett for måling av langtransportert luftforureining er nettopp plassert på Kårvatn i Todalen på Nordmøre. Dette området har spesielt låge tilførsler av luftforureining.

Til tross for tilsynelatande idyll, er det likevel ein del stader der luftforureining frå lokale kjelder medfører store problem og ulemper for dei som bur i desse områda. I fleng kan nemnast: større trafikkårer (støv, sot, nitrogenoksyd), område kring aluminiumverket på Sundalsøra (fluor), område der avfall blir brent ulovleg (nokre industriverksemder og eit fåtal avfallsanlegg).

Det er generelt SFT som har mynde når det gjeld tiltak mot luftforureining. Fylkesmannen har likevel viktige innspel når det gjeld reduksjon av ulemper gjennom m.a. behandling av avfallssaker og som høyringsinstans i samband med industriutslepp.

SFT har i sin langtidsplan skissert mål for arbeidet mot luftforureining: "SFT mener at samfunnet burde gå inn for å redusere luftforurensningsproblemet vesentlig innen år 2000."

Avdelinga sin direkte innsats i dette arbeidet har i 1988 vore mindre enn eitt vekerverk. Det er ikkje mogleg med tilgjengeleg metodikk og presisjonsnivå å gi resultat evt. ei vurdering av resultatet av denne innsatsen.

AVFALL

1. Utfordring/mål

Kvar person i Noreg genererer i gjennomsnitt omlag 200 kg forbruksavfall kvart år, samt omlag 350 kg av andre avfallstyper (produksjons- og spesialavfall). Det blir ikkje ført statistikk for avfall i vårt fylke, men det er likevel grunn til å tru at det meste av avfallet finn vegen til kommunale avfallsanlegg. Dekninga for forbruksavfall er relativt god i dei fleste kommunane, medan dekninga for produksjonsavfall er noko variabel. På grunn av for dårleg tilbod når det gjeld levering av slikt avfall skjer det mange plassar mykje brenning og ulovleg deponering ved dei einskilde verksemdene. For spesialavfall er det til no (årsskiftet 1988/89) gitt løyve frå SFT til etablering av spesialavfallsmottak på berre eitt avfallsanlegg: Bingsa i Ålesund. To firma i fylket har løyve til mottak og transport av spesialavfall: Brødr. Haugen A/S og Miljørens A/S. Til no er tilbodet til privatpersonar når det gjeld mottak av spesialavfall for dårleg, ut frå ønsket om å kunne levere små mengder avfall til eit lokalt mottak.

Kommunane har ansvar for tømning av slamavskiljarar m.v. Dette ansvaret er gjort gjeldande frå 01.01.1985. Ei kartlegging som fylkesmannen fikk gjennomført i 1988 viser at berre 5 av dei 38 kommunane har godkjent ordning for kloakkslam. Vi må rekne at det meste av slammet blir tømt ulovleg m.a. til sjøen.

Alle kommunane i Møre og Romsdal er no med i Batteriinn-samlinga for Midt-Norge. Til no er det samla inn over 14 tonn batteri i Møre og Romsdal, som tilsvarer ein estimert mengde på 60 kg kvikksølv som dermed er teke hand om og ikkje sluppe ut i naturen i Møre og Romsdal.

Eitt problem som til no ikkje er blitt fanga opp av dei etablerte avfallsordningane, er kasserte bilbatteri. Desse blir i dag lagra dels privat, dels på ein del verksemder, noko blir teke hand om av dei som sel nye batteri, men mykje ender opp i skogen, langs vegar, på massetippar osv. Problemet med å få til skikkelege mottak er at prisen for motteke bly hos verksemdene som driv med attvinning, varierer sterkt og dekkjer knapt transportkostnadene for batteria.

Ut frå sentrale mål som er formulert for arbeidet med forureiningssaker her i landet, vil vi gjennom dette arbeidet ta sikte på å

- unngå at det oppstår nye avfallsproblem
- redusere eksisterande avfallsproblem
- få i stand attvinning av avfall der dette let seg gjere ut frå omsyn til miljø, ressursar og økonomi

2. Delmål

Viktige delmål for arbeidet i 1988 har vore:

- å betre tilgjenge på avfallstenester for privatpersonar og verksemdar i fylket
- å sanere avfallsanlegg som representerer store miljøulempar
- å kanalisere produksjonsavfall til godkjende avfallsanlegg
- å auke talet på godkjente slammottak i kommunane

Vi kan vel og seie at eit delmål må vere å fange opp meir av spesialavfallet. Dette ligg imidlertid innafor SFT sitt ansvarsområde, og fylkesmannen har lite direkte innverknad på spesialavfallsordningane.

3. Innsats i 1988

Det er i utgangspunktet berre dei 4 sakshandsamarane som arbeider med forureiningssaker i avdelinga som har utført arbeid med avfallsanlegg i 1988. Dei andre faggruppene blir berre trekt inn i samband med etablering av nye avfallsanlegg, utviding av eksisterande anlegg m.v. Mesteparten av innsatsen har vore rein sakshandsaming, og lite arbeid med synfaring og kontroll.

4. Resultat

Tilgjenge på renovasjonstenester aukar jamnt men smått i vårt fylke. Etter at det er etablert ein del større samarbeidsorganisasjonar og anlegg som er interkommunale evt. fungerer som interkommunale selskap, tar desse i stor grad seg av det meste av avfall innan dei aktuelle geografiske områda. Det kan her nemnast Søre Sunnmøre Reinhaldsverk (SSR), Volda/Ørsta Reinhaldsverk og Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap (RIR), samt Tafjord Kraftselskap (forbrenningsanlegget på Grautneset i Ålesund).

I fleire andre område er det initiativ på gang når det gjeld renovasjonssamarbeid. Dette gjeld både samarbeid med utgangspunkt i den nye avfallsplassen på Vinsternes i Aure og samarbeid mellom kommunane Surnadal, Rindal, Halså og Sunndal.

3 forbrenningsanlegg i fylket har fått krav frå Statens forureiningstilsyn om nedlegging på grunn av diverse ulemper med luftforureining m.v. Dette gjeld anlegga i Ulstein (SSR), Volda og Sykkylven. Dette fører til at avfall frå dei kommunane som desse anlegga har ytt tenester for, vil overføre avfallet til forbrenningsanlegget til Tafjord Kraftselskap. Dette vil skje i samband med omlasting/komprimering av avfallet for å redusere transportkostnadene.

I kontakt med kommunane er det frå fylkesmannen påpeika behovet for å etablere/formalisere/gjennomføre tiltak i samband med avfallsplassar for produksjonsavfall m.v. (såkalla "grovavfallsplassar"). Eit konkret resultat av dette er at drifta ved avfallsplassen på Hidsneset i Sande kommune no er formalisert og krav om tiltak er

sett og er gjennomført av kommunen. I ei rekkje andre område er det sett i gang konkrete diskusjonar og vurderingar av dette spørsmålet. Fylkesmannen har samstundes i konkrete einskildsaker skjerpa krava og ambisjonsnivået når det gjeld å sanere ulovleg brenning av avfall som mange stader kan vere til stor plage.

Når det gjeld spesialavfall, er det mange aktørar på arenaen. Nokre kommunar har vist stort initiativ, nokre avfallsselskap likeså. Mange private firma har og meldt si interesse, og trua på ein "boom" innan dette feltet med mogleg fortjeneste er så avgjort til stades. Dei fleste initiativ blir frå oss vist til SFT og NORSAS, då fylkesmannen til no ikkje er tildelt nokon formell eller praktisk rolle innafor spesialavfall. Det er likevel fylkesmannen som oftast kjem i kontakt med dei som har problem med spesialavfall i vårt område, og det verkar lite rasjonelt at vi i dette ikkje er tildelt nokon spesiell rolle.

Det skjer lite konkret innafor nyetablering av godkjende slammottak i fylket vårt. Nokre kommunar har planlegging på gang, men fortsatt vil privatpersonar som vender seg til kommunane for å bli kvitt kloakkslam på lovleg vis (kommunane sitt ansvarsområde), bli nødt til å la slamm bli disponert ulovleg.

Dei 6 mottaka for bilvrak i fylket har i 1988 motteke omlag 3350 vrak. Dette viser ein svak nedgang i mottekne vrak frå 1986 (4000) og 1987 (3700). Sjå elles tabell i eige vedlegg.

Fram til årsskiftet 1988/89 er det samla inn totalt omlag 14 tonn batteri i Møre og Romsdal, gjennom Batteriinnsamlingen Midt-Norge.

Nokre av dei etablerte avfalls plassane har etablert ei mottaksordning for bilbatteri.

5. Vurdering

Tilbodet frå det offentlege når det gjeld å bli kvitt avfall er generelt for dårleg i vårt fylke. For forbruksavfall (frå hushaldningar m.v.) er det i mange område etablert tvungen renovasjon der renovasjonsbilen kvar veke henter sekken frå stativet, og spesielt i byar og tettbygde område fungerer desse ordningane bra. I takt med skiping av store interkommunale einingar kan vi og registrere uheldige trekk i bildet: Avstanden til avfalls plass (fylling, forbrenningsanlegg) aukar, og mykje av avfallet blir ikkje overført til avfalls plassen på grunn av ulemper med lang transport, økonomi m.v. Resultatet er ei tiltakande forsøpling i lokalmiljøa, mykje brenning av avfall og motsetningar mellom privatpersonar/verksemder og styresmaktene.

På Sunnmøre er Tafjord Kraftselskap (TK) den store avfallsmottakaren (dekkjer dei aller fleste kommunane når det gjeld forbruksavfall). TK har fått krav om installasjon av gassreinsing på sitt forbrenningsanlegg, og dette vil medføre at prisane pr. tonn levert avfall vil auke kraftig. Dette vil i sin tur føre til at motivasjon

nen for einskildpersonar og i neste omgang for kommunane for å stø opp om fellestiltaket (levering av avfall til Grautneset) blir svekka. Dette er eit problem som vi er nødt til å følgje opp i drøftingar med Miljøverndepartementet.

I løpet av nokre år vil vi truleg ha eit fåtal avfallsplassar (fyllingar og forbrenningsanlegg) for mottak av forbruksavfall i fylket, med utstrakt interkommunalt samarbeid. Kvar kommune vil jamvel måtte ha eitt eller fleire mottak for produksjonsavfall (s.k. "grovavfall", bygningsavfall, hageavfall m.v.). I tillegg vil ein innafor kvar kommune måtte etablere godkjent ordning for mottak av slam, anten dette skjer i form av slamlagune eller i form av eigne avvanningsinnretningar.

For nokre avfallstypar ser dei etablerte ordningane ut til å fungere bra. Dette gjeld m.a. bilvrak der så å seie 100% av avfallet blir teke hand om av dei godkjende ordningane (til tross for ein del mindre problem). Som ein kuriositet kan vi vel og nemne at ein annan del av avfallsstrømmen som og er organisert med pant, går bra: mineralvatn- og ølflasker. Ein kan verkeleg undre seg over kvifor ikkje fleire avfallstyper for lang tid sidan er pålagt panteordningar!

Ordninga med mottak av s.k. "kvitevarer" (komfyrar, kjøleskap m.v.) er i ferd med å bli effektiv. Dette skuldast at ordninga er organisert med eigen operatør (Vestmiljø A/S), i samarbeid med dei lokale avfallsplassane/kommunane.

Tiltakande forsøpling i lokalmiljø og i utfartsområde kan berre i nokon grad regulerast av lover, offentlege ordningar og forureiningstilsynet. Det synest som respekten for gamle dyder er svekka, og det er kanskje grunn til å rope eit varsko når det gjeld kva for haldningar vi formidlar vidare til dei som veks opp. Det er primært den einskilde som har ansvaret for miljøet, og når det gjeld forsøpling skulle det ikkje vere behov for ekspertutgreiingar og dyre reinseanlegg for å oppnå betring i situasjonen.

STØY

1. Utfordring/mål

Miljøverndepartementet har i egne rundskriv formulert retningslinjer for akseptabel støy frå vegtrafikk og fly. Departementet har og gjeve meir generelle retningslinjer når det gjeld støy frå jernbane, skytebanar og frå industri. Fylkesmannen har definerte roller når det gjeld støyspørsmål i plansaker. Elles vil for det meste SFT ha ansvaret for støyspørsmål som gjeld industri, produkt som medfører støyproblem osb.

Dei aktuelle retningslinjene medfører at fylkesmannen i alle kommuneplanar og reguleringsplanar vurderer og gir innspel om støytilhøve. Dette inneber at all nybygging av vegar og ved alle etableringar av bustadfelt vil det bli vurdert støy og tilhøyrande tiltak. Eksisterande situasjonar som medfører støyproblem blir etter denne ordninga berre i liten grad teke opp til drøfting. Registreringar som er utført frå vegstyresmaktene viser at omlag 4000 bustader i fylket er påverka av vegtrafikkstøy over 60 dB(A), og av desse er truleg ein stor del påverka over 65 dB(A).

Dei generelle måla for arbeidet med støysaker er trekt opp i St.meld. nr.50 (1976-77). Ut frå dette tar ein sikte på

- å arbeide for eit kvalitativt betre samfunn
- at støy ikkje skal skade folks helse eller gå ut over trivselen

2. Delmål

Eit viktig delmål for arbeidet med støysaker i 1988 har vore

- å innarbeide vegtrafikkstøy og evt. flystøy i kommuneplanane

Det er elles ikkje formulert mål for dette arbeidet for 1988.

3. Innsats i 1988

Det har tradisjonelt vore sakshandsamarane som elles arbeider med forureiningssaker som og har gjennomført løpande arbeid med støysaker i avdelinga. Totalt er det lagt ned omlag 4 vekerverk med støysaker i året som gikk. I dei fleste støysakene skjer det og eit utstrakt samarbeid med F/N-gruppa som til vanleg koordinerer arbeidet med plansaker. Det er etter kvart meininga at F/N-gr. vil overta mykje av det støyfaglege arbeidet med plansakene.

4. Resultat

Det kjem heile året ein jamn straum av regulerings- og

kommuneplanar til fylkesmannen for faglege innspel. Avhengig av om planane ligg føre som skisser, som vedtekne framlegg eller til stadfesting, vil omfanget av det støyfaglege arbeidet variere sterkt.

Innspel til planane blir gjeve ut frå gjeldande retningslinjer for støy i plansamanheng. Desse innspela blir for det meste nokså umiddelbart fulgt opp av dei einstkilde kommunane og konsulentane. I spesielle saker der støytilhøva er lite påakta tidleg i planprosessen kan dette føre til at det blir omfattande drøfting mellom fylkesmannen og t.d. kommunen om fastsetting av vilkår for stadfesting (bygging av støyskjermar m.v.) og for tidsfrister for gjennomføring av tiltak.

5. Vurdering

Vi synest generelt å registrere ei aukande forståing for støyspørsmål i kommunar og blant planleggarar m.v. Dei krava som sentrale retningslinjer inneber når det gjeld dokumentasjon av støytilhøve, blir i stor grad fulgt opp i planlegginga. Vi kan som eksempel nemne støysaker i samband med riks- og fylkesvegane der vi etter kvart har fått eit godt og nært samarbeid med Statens Vegvesen (Vegkontoret). M.a. gjennom ein del kontaktmøte opplever vi at dei problemstillingane vi gir innspel om, får tilfredsstillande vurdering tidleg i planprosessen.

Gjennom det løpande arbeidet med plansaker er det generelt nyanlegg av vegar, nye bustadfelt m.v. som blir vurdert. Eksisterande uheldige støytilhøve blir berre unntaksvis teke opp til drøfting. Her bør ein arbeide for å oppnå ei kommuneplanmessig kartlegging av støytilhøva, med sikte på å minske støyproblema for dei som er mest utsett i dag. Dei innspela som er gjort frå fylkesmannen om dette til kommunane, har berre i liten utstrekning ført til konkret oppfølging.

Tabell ... Status kloakkrammeplan i kommunane 1988.

KOMMUNE	RAMMEPLANSTATUS
Aukra	Har ikkje rammeplan. Har delplanar
Aure	Rammeplan er under utarbeiding
Averøy	Har ikkje rammeplan
Eide	Har ikkje rammeplan
Frei	Har ikkje rammeplan
Fræna	Har revidert rammeplan
Giske	Har ikkje rammeplan
Gjemnes	Har ikkje rammeplan
Halsa	Har ikkje rammeplan
Haram	Har rammeplan. Er under revisjon.
Hareid	Har ikkje rammeplan
Herøy	Har ikkje rammeplan
Kristiansund	Har rammeplan
Midsund	Har ikkje rammeplan
Molde	Har revidert rammeplan
Nesset	Har ikkje rammeplan
Norddal	Har ikkje rammeplan
Rauma	Har ikkje rammeplan
Rindal	Har ikkje rammeplan. Har delplan
Sande	Har rammeplan
Sandøy	Har ikkje rammeplan
Skodje	Har ikkje rammeplan
Smøla	Har ikkje rammeplan
Stordal	Har ikkje rammeplan
Stranda	Har ikkje rammeplan
Sula	Har rammeplan
Sunndal	Har ikkje rammeplan
Surnadal	Har ikkje rammeplan. Har delplan.
Sykkylven	Har rammeplan
Tingvoll	Har ikkje rammeplan
Tustna	Har ikkje rammeplan
Ulstein	Har ikkje rammeplan. Har delplan
Vanylven	Har ikkje rammeplan. Har delplanar
Vestnes	Har rammeplan
Volda	Har ikkje rammeplan
Ørskog	Har ikkje rammeplan. Har delplanar
Ørsta	Har rammeplan
Ålesund	Har rammeplan

Tabell... Innsamling av bilvrak i Møre og Romsdal
Resultat 1988

Firma (Adresse)	Bilvrak	
	(1987)	1988
Eiksund Gjenvinning A/S (6170 Vartdal)	(833)	709
G. Eilertsen A/S (6060 Hareid)	(1061)	998
A/S Vestlandske Bil- og Skipsopphugging(6060 Hareid)	(163)	145
Midt-Norsk Maskinopphugging/ I. B. Kjørsvik (6400 Molde)	(771)	756
A/S Jema (6500 Kristiansund)	(645)	533
American Car Club Sunndals- øra (6600 Sunndalsøra)	(216)	207
Sum	(3689)	3348

Tabell ... Lån og tilskott 1988 til kommunale oppryddingstiltak avløp, avfallsanlegg og planlegging

Kommune	Prosjekt	Totalkostn.	Lån	Tilskott
		(i 1000 kr.)		
Aure	Avfallspl. Vinsternes	2 444	1 250	500
Ålesund	Reinseanl. RA4 +avskj. leidning	4 000	2 000	800
- " -	Reinseanl. RA3 +avskj. leidning	5 000	2 500	1 000
Sula	Avskj.leidn. +pumpeleidn. Veddevika	600	300	120
-"-	Sanering Langevåg sentrum	1 000	500	200
SSR (Hareid/ Ulstein/ Herøy)	Planlegg. grovavf. plass	120		60
Aukra	Kloakk- rammepl.	150		75
Sande	Kloakk- rammepl.	80		40
Rindal	Sanering sentrum	450	180	135
Sum		13 844	6 730	2 930

KOMMUNALT MILJØVERN

- 87 kommunar er med i eit landsomfattande forsøk om kommunalt miljøvern
- Miljøverndepartementet og Kommunenes Sentralforbund inviterte i 1987 kommunane til å vere med i eit forsøk med kommunalt miljøvern. Forsøket skulle utprøve forskjellige former for administrative og politiske løysingar i kommunane i samband med ei politisk engasjering og overføring av nye oppgåver til kommunane. Miljøverndepartementet gjev tilskott til å dekkje lønnskostnader for ein miljøvernrådsgjevar i kvar prøvekommune. Forsøket varer i 3 år. Det skjer ei sentral evaluering av forsøket. Miljøverndepartementet og Kommunenes Sentralforbund vil på grunnlag av denne kome med si vurdering av kva politisk og administrativ organisering som kan vere ynskjeleg dersom forsøket skal ende opp med tilråding om ei reform frå neste kommunestyreperiode.
- 4 kommunar i Møre og Romsdal
- Utpeiking av prøvekommunar vart gjort i 1987. I 1988 skjedde ei politisk organisering og tilsetting av miljøvernrådsgjevarar. I Møre og Romsdal blir følgjande modelar prøvd ut:
- Fræna kommune
Miljøvernutval under formannskapet.
Miljøvernleiar under rådmannen.
- Fræna
- Fræna kommune er pilotkommune på samarbeid mellom landbruk og miljøvern (1 av 7 i landet) og pilotkommune på miljødata. Kommunen blei peika ut i 1988. På samarbeid mellom landbruk og miljøvern tok arbeidet såvidt til. Dette pilotprosjektet skal finne ut kva for samarbeidsmodell mellom landbruk og miljøvern (administrativt og politisk) som gir best resultat.
- Surnadal kommune
Hovudutval for miljøvern.
Inkludert friluftsnemnd. Kommunal viltneemnd under hovudutvalet. Miljøvernrådsgjevar er ansvarleg sekretær.
Miljøvernrådsgjevar under rådmannen.
- Surnadal
- Sunndal kommune
Hovudutval for miljøvern og naturressursforvaltning.
Inkludert friluftsnemnd.
Miljøvernrådsgjevar under rådmannen.
- Sunndal
- Ålesund kommune
Miljøvernutval: Kommunalutvalet (del av formannskapet).
Miljøvernleiar under rådmannen.
- Ålesund
- 1988 blei prega av oppstarting av forsøka. Miljøvern-avdelinga organiserte eit opplæringskurs for politikarane i utvala. Miljøvern-avdelinga hadde og konferansar med 3 av kommunane der ein i fellesskap gjekk igjennom og drøfta hovudutfordringane i kommunen.
- Opplæring og gjennomgang
- Ingen ny myndighet til kommunane i 1988
- Arbeidet i kommunane bar preg av at forsøket var i ein oppstartingsfase. Arbeidet med miljø- og ressursprogram kom knapt i gang i kommunane. Det blei heller ikkje klarlagt eller delegert nye oppgåver til kommunane.

Tidsforbruk: 6 vekeverk.

Plansaker

Kommuneplanlegging gir oss mindre arbeid med reguleringsplanar

Miljøvernavdelinga har som tidlegare hatt det faglege saksbehandlaransvaret for planar som kjem inn til fylkesmannen. Dei fleste plansakene blir berre behandla av miljøvernavdelinga, men i ein del saker kjem også andre avdelingar med sine synspunkt. Dei vanlegaste saksområda som blir vurderte av miljøvernavdelinga er naturverdiar, friluftsinnteresser, viltinteresser, støy og ulike forureiningsomsyn. Reguleringsplansakene tek ein god del tid, men vi reknar med at når kommunane etter kvart blir ferdige med oversiktsplanarbeidet vil dette kunne gjere behandlinga av reguleringsplanane lettare.

Utarbeiding av alternative planar eit forsømt område i kommunane

Etter reglane i plan- og bygningslova, må fylkesmannen vurdere alle reguleringsplanar og kommuneplanar før dei eventuelt kan godkjennast av kommunale styresmakter. Lova føresett større informasjon, samarbeid og medverknad på alle plannivå enn det som har vore vanleg tidlegare. Lova føresett også at kommunane kunngjer oppstarting av eit planarbeid slik at alle interessepartar kan kome med sine ønske og faglege innspel før reguleringsplanane blir for fastbunde med bestemte løysingar. Denne viktige føresegna i plan- og bygningslova blir for sjeldan praktisert i høve miljøvernavdelinga sine arbeidsfelt. Spesielt for område der arealbruken tidlegare ikkje er avklara gjennom oversiktsplanlegging, hadde det vore ønskeleg at dei som planlegg i kommunane i større grad henter inn dei nødvendige faglege innspel på eit tidleg tidspunkt. For miljøverninteressene ville det også ha vore ein føremon at kommunane i ein del saker også la alternative planutkast fram med tanke på samråd og informasjon slik det kjem fram av § 16 i plan- og bygningslova.

Planlegging sikrer miljøverninteressar og er samtidig effektivitetsaukane

I 1988 kom vi med fråsegn til kommuneplanen for Fræna. Vi kom vidare med faglege innspel til kommuneplanarbeidet for Eide, Hareid, Sandøy, Aure, Averøy, Frei, Kristiansund, Midsund, Skodje, Tustna, Vestnes, Volda, Ørsta, Sykkylven og Ålesund kommune. I høve dei tidsrammer dei sentrale styresmaktene legg opp til når det gjeld kommuneplanlegginga, burde framdriften i kommunane ha vore betre. Det er mellom anna fleire kommunar som framleis ikkje har kontakta miljøvernavdelinga med tanke på faglege innspel til oversiktsplanarbeidet. Vi legg vesentleg vekt på å ha nær kontakt med kommunane i denne planprosessen. Når det som ein del av samfunnsutviklinga blir nødvendig med inngrep i naturen, er det vesentleg lettare å sikre ei langsiktig forvaltning gjennom ein slik form for arealplanlegging. Dette gir i tillegg ein vesentleg meir rasjonell saksbehandling enn det som er vanleg ved einskildsaker både for kommunane og fylket.

100-metersbeltet ved sjøen er ein vernesone

I våre innspel til kommuneplanarbeidet legg vi vekt på at område med registrerte naturvern-, vilt eller friluftsinnteresser blir planlagt som landbruks-, natur og friluftsområde. Til vanleg er dette lite konflikthfullt i høve utbyggingsønska, men sikring av naturen langs strand og sjø er ei tidkrevande forvaltningsoppgåve. Heile 100-metersbeltet langs sjøen i fylket er i utgangspunktet definert som eit verneområde av rikspolitisk interesse der all utbygging konkret må vurderast

opp mot vern. Tradisjonelle konflikter er veg-, industri-, hytte og bustadbygging langs sjøen. I dei siste åra har i tillegg havbruksnæringa blitt ein pressfaktor når det gjeld behov for strandnatur til utbyggingsføremål. Korleis den næringa vil utvikle seg i framtida er usikkert, men dersom det skulle bli vanleg med landbaserte havbruksanlegg, ser vi for oss store arealbrukskonflikter. Vår erfaring til nå er at landbaserte anlegg vil kunne ha behov for opp mot 100 m strandlinje. Ei slik utvikling vil forsterke behovet for kystsonoplanlegging i kommunane.

Regulering til friluftsområde endrer til vanleg ikkje eigedoms-tilhøva

I samsvar med retningslinjer frå Miljøverndepartementet har vi i plansaker lagt vesentleg vekt på at det blir sikra friområde og friluftsområde i og nær tettstader. Miljøvernavdelinga ser helst at større areal blir regulert til friluftsføremål for på den måten å sikre ein mest mogleg urørt natur for friluftinteressene. Men vi har inntrykk av at kommunane ofte lar vere å regulere til slike føremål på grunn av uvisse når det gjeld eventuelle økonomiske konsekvensar.

Stein frå tunnelar ein viktig naturressurs.

I 1988 hadde vi også fleire omfattande vegsaker til behandling. Ein del av dessa prosjekta gjeld undersjøiske tunnellar. Vårt inntrykk av desse sakene er at det framleis blir lagt for liten vekt på planlegging av lagerplass og bruksmåtar for dei store steinmassene som vil bli teke ut. Tunellmassane er ein naturressurs som bør kunne nyttast til forskjellige samfunnsføremål, og som til ein viss grad kan erstatte vanlege steinbrudd og grustak. Vi ser eit vesentleg behov for ein meir systematisk planlegging og regionale vurderingar både når det gjeld bruk og deponering av steinmassane.

Naturatlas for Møre og Romsdal

Kunnskaper om naturgrunnet i fylket er nødvendig i all planlegging. Vi har nå kome langt i arbeidet med oppbygging av eit dataregister (EDNA) som inneheld alle tilgjengelege opplysningar om registrerte naturvernverdiar i fylket. Eit tilsvarende dataregister (FRIDA) for viktige friluftsområde i kommunane blei det også arbeidd med i 1988 samt eit over viktige viltområde. Dette er opplysningar som vil bli av spesiell verdi i kommuneplanlegging/kystsonoplanlegging. Vi har prioritert arbeidet med desse registra etter kvart som kommunane har bede om faglege innspel til kommuneplanlegginga.

ADMINISTRATIVE OPPLYSNINGAR

Stadig fleire henvendelsar, både skriftleg og muntleg

Saksmengda innanfor dei ymse fagsektorane berre aukar og aukar. I 1988 vart det i alt journalført 6240 ekspedisjonar, mot 5916 i 1987.

Ekspedisjonane varierer frå enkle saker som går rett i arkivet til kompliserte som krev omfattande saksbehandling. Fleire ekspedisjonar er òg journalførte på same nummer. Men trass i dette gir talet på registrerte saker eit bilete på arbeidsbelastninga.

I tillegg til dei journalførte sakene er det mange interne ekspedisjonar der miljøvernavdelinga avgir uttale til andre avdelingar - til dømes kommunebudsjetta.

Personale

Pr 01.01.89 hadde miljøvernavdelinga desse tilsette:

11 faste fagstillingar

Fylkesmiljøvernsjef	Odd Høgset	(permisjon)
"	Kolbjørn Megård	(vikar)
Fylkesingeniør	Kolbjørn Megård	(vikar som fylkesmiljøvernsjef)
"	Per Fredrik Brun	(vikar)
Overingeniør	Per Fredrik Brun	(vikar som fylkesingeniør)
"	Ola Betten	(vikar)
Avd. ing.	Noralv Bell	(Frå 01.11.1988)
Avd. ing.	Ola Betten	(vikar som overingeniør)
"	Tore Haugen	(vikar)
Naturforvaltar	Harald Ørsahl	
Naturvernkonsulent	Alv Ottar Folkestad	
Naturvernkonsulent	Kjell Lyse	
Viltforvaltar	Asbjørn Børset	(permisjon)
"	Ulf Lucasen	(vikar)
Fiskeforvaltar	Trond Haukebø	
Vassdragsforvaltar	Oddvar Moen	

Konsulent Aase Hegnes arbeidde òg full tid i avdelinga fram til og med 17. februar. Ho var løna av Møre og Romsdal fylkeskommune som var hennar formelle arbeidsgjevar. Fylkeskommunen fekk løna refundert av Miljøverndepartementet.

Kontorpersonalet til avdelinga er:

To kontortilsette	Førstesekretær	Aslaug Magerøy Grimstad
	Førstekontorfullmektig	Synnøve Ulleland Hoel

Dei er løna over Fylkesmannen/Forbrukar- og administrasjonsdepartementet sitt budsjett.

Til saman 15 engasjement

I 1988 var det i miljøvernavdelinga utført om lag 5 årsverk av engasjert personale. Desse 5 årsverka saman med dei 11 faste stillingane utgjer 16 årsverk med fagarbeid. I tillegg kjem 2 kontorstillingar = 18 årsverk.

Rekneskap 1988

I 1988 er løyvingane over kap 1406 i statsbudsjettet brukt slik:

Åtte mill. kr forvalta av miljøvern- avdelinga i Møre og Romsdal	01.1	Løn til faste medarbeidarar	kr	2.226.850
	01.2	Løn til ekstrahjelp	"	144.350
		Samla løn		<hr/> kr 2.371.200
	11.1	Maskiner, inventar, utstyr	kr	267.870
	11.2	Forbruksmateriell	"	26.960
	11.3	Reiser	"	465.670
	11.4	Kontortenester	"	12.760
	11.5	Analysekostnader	"	7.640
	11.6	Konsulentbistand	"	47.550
	11.7	Drift av maskiner	"	9.660
	11.9	Bygningers drift, lokalleie	"	162.960
	Samla varer og tenester		<hr/> kr 1.001.070	
	21.3	Løn/godtgjersler - oppdrag	kr	57.300
	21.4	Varer og tenester- oppdrag	"	216.620
	21.8	Beregna arbeidsgjevaravgift	"	10.090
		Samla spesielle driftsutgifter	kr	<hr/> 284.010
		I alt tilvist på kap 1406		kr 3.656.280

Løyvingane over kap 1427 i statsbudsjettet er brukt slik:

01.9	Løn oppsynspersonell	kr	200.460
11.5	Varer og tenester oppsyn	"	359.790
21.2	Jegerprøven	"	14.160
30.2	Erstatninger etter naturvernloven	"	212.910
31.1	Naturverntiltak	"	100.000
31.2	Friluftstiltak	"	300.000
60	Kommunalt miljøvern	"	10.050
60.1	Viltneemdene	"	811.050
60.2	Skadet vilt og fallvilt	"	56.200
60.3	Planl. opparb. vedlikehold friluftsområder	"	300.000
71.1	Bestandsreg./skadedok. rovvilt	"	50.000
71.2	Erst./foreb. tiltak hjorteviltskader	"	137.300
	I alt tilvist på kap 1427:		<hr/> kr 2.551.920

Løyvingane over kap 1448 i statsbudsjettet er brukt slik:

60	Kommunalt miljøvern	kr	442.000
----	---------------------	----	---------

Løyvingane over kap 0775 i statsbudsjettet er brukt slik:

11.6	Overvaking radioaktivitet næringsm.	kr	110.000
------	-------------------------------------	----	---------

Posterings-
fullmakter

I tillegg har miljøvern-avdelinga i 1988 fått overført
desse pengane for ymse prosjekt og særøppgåver:

FRÅ:	FORMÅL:	BELØP:
Direktoratet for naturforvaltning	Gyrodactylus- overvaking	kr 619.000
Direktoratet for naturforvaltning	Lokale vilttiltak	" 396.000
Miljøverndep.	LENKA-prosjektet	" 50.000
Direktoratet for naturforvaltning	Annonsering Jegerprøven	" 13.600
Statens forureiningstilsyn	Overvaking vassdrag/fjordar	" 119.900
Direktoratet for naturforvaltning	Tiltak i samband med seldøden i M & R 1988	" 21.440
Miljøverndep.	Øk.støtte til lokale prosjekt og utstyr	" 40.000
I alt tilvist på posteringsfullmakter		kr 1.259.940
<u>Samandrag:</u>		
kap 1406		kr 3.656.280
kap 1427		" 2.551.920
kap 1448		" 442.000
kap 0775		" 110.000
Overføringar i form av posteringsfullm.		" 1.259.940
Brukte midlar til saman i 1988:		kr 8.020.140

Alle rekneskapstala er runda av til næraste heile 10-
krone.